

## Referat

### Fellesmøte - Fagrådet for kommuneoverlegar og kommunalsjefgruppa - helse og omsorg

**Møte:** Fellesmøte - Kommunalsjefgruppa og Fagrådet for kommuneoverlegar  
**Dato/tid:** 26.oktober, kl. 11 - 13  
**Stad:** Møterom Regionrådet  
**Til stades:** Olav Mongstad, Peter Kubon, Tord Molsumyr, Grete Herøy, Helga Ellingsen, Terese Folgerø, Ove Sæbø, Ingebjørg Søreide, Rolf M. Tande, Leni Dale, Nina Kvamme, Heinz Diehl, Frøydis Gullbrå, Anita Pettersen, Dag Brochmann og Anne Hildegunn Færøy

#### Saksliste:

Saksnr.	Saker
9/18	<p><b>Godkjenninga av referat fra fellesmøte 20.april 2018</b>  Referat godkjent utan merknader</p>
10/18	<p><b>Kommunal representasjon i ulike råd og utval</b>  Gjeld samarbeidsstrukturen og kommunal deltaking i ulike utval, styrings- og arbeidsgrupper - midlertidige og faste.  Fagrådet for kommuneoverlegar har drøfta utfordringar knytt til kommunal representasjon og deltaking i ulike samarbeidsfora - både når det gjeld ressursar og kapasitet - og ikkje minst sikre nødvendig involvering og forankring der ein representerer fleire kommunar inn i samarbeidsstrukturen.  Tid - struktur - kapasitet - er gjennomgåande problemstillingar som gjer at deltaking og representasjon er utfordrande.  Det vart vist til samhandlingspiloten med KS-K, og at dette er moment som bør bringast inn til dette arbeidet.  Tord Molsumyr viste til møte mellom SU-leiarane, sjukehusleiringa og KS-K der samhandlingspiloten var tema. Konklusjonen der er at det er programkomiteen(leiarar i SU og sjukehus saman med SSE) som tar styringa på prosjektet og det er drøfta at det skal utarbeidast ein felles utviklingsplan for samhandling. Dette vil komma som sak til SU.  Det er ei utfordring av kommunane ikkje har sett av nok ressursar til å kunne prioritere slikt arbeid.  Det vart vist til at kommunane i NH blir lytta til når saker blir meldt inn på ein konstruktiv måte. Det er viktig at alle bidrar til å melde inn saker eller tema som skal med i SU møta.  Vidare viste Tord til Helse Vest sin utviklingsplan og utfordringar med at det i denne planen er lagt føringar som vil få konsekvensar for kommunane. Planen er sendt på høyring til kommunane. Det bør vurderast å gje innspel til punkt i planen.</p>
11/18	<p><b>Implementering av pakkeforløp psykisk helse og rus.</b>  Helse Bergen har gjennom samarbeidsutvalet for NH orientert om innføring av pakkeforløp innan psykisk helse og rus i Helse Bergen HF, at dette skal implementeras stegvis fram mot januar 2019 og at det er ønske om communal deltaking i lokal styringsgruppe for arbeidet.  Fellesmøte drøfta utfordringar knytt til krav og forventningar til den koordinerande funksjonen i kommunen. Både organisatoriske, tidsmessige og økonomiske utfordringar var drøfta.</p> <p><b>Konklusjon:</b>  Fellesmøte sluttar seg til at Frøydis Gullbrå representera kommunane i NH i styringsgruppa for impl. av pakkeforløp psyk.helse og rus. Anne Hildegunn melder dette til Helse Bergen.</p>

12/18	<p><b>FACT - team:</b></p> <p>Leni Dale orienterte om status for prosjektet;</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Det er sett ned ei arbeidsgruppe som skal vurdera korleis teamet skal organiserast.</li> <li>– Ei held fast ved at det er kommunal leiing av prosjektet.</li> <li>– Det er ønske om å få med ein representant frå Fagrådet i styringsgruppa for prosjektet. Fagrådet vil drøfta dette etter møte og melder tilbake til Leni når det er avklara.</li> <li>– Det er lyst ut stilling som teamleiar, psykolog og erfaringskonsulent</li> </ul>
13/18	<p><b>Kommunal betaling for utskrivingsklare pasientar innan psykisk helse og TSB</b></p> <p>Terese Folgerø er NH kommunar sin repr. i arbeidsgruppa som har fått i oppdrag å utarbeida rutinar for betalingsordninga. Det er semje om at gruppa skal ta utgangspunkt i rutinar for samhandling nedfelt i Tenesteavtale 3 - 5 for psykisk helsevern og rus. Gruppa har hatt eit møte, og det er sett ned eit arbeidsutval, der Bergen kommune har den kommunale representanten. Nytt møte i arbeidsgruppa 7. november. Terese sender ut forslag til rutine når arbeidsutvalet kjem med eit forslag. Det er viktig at alle gjev innspel.</p> <p>Der eit mål at forslag til rutinar skal leggast fram til handsaming i samarbeidsutvala i desember 2018.</p>
14/18	<p><b>Prinsipp - utskrivingsklare pas. somatikk</b></p> <p>Terese Folgerø orienterte om overordna føringar for kva ein utskrivingsklar pasient er og kva vilkår som skal leggast til grunn før spesialisthelsetenesta kan definera ein pas som utskrivingsklar.</p> <p>Det er utfordringar med at tilsette på sjukehusa i for liten grad er kjent med avtaleverket og kva rutinar det er semje som skal følgjast ved inn og utskriving. Dette er ein sak som bør drøftast i samarbeidutvala, jf sak 10/8</p> <p>Presentasjon vist i møte er lagt ved referat.</p>
15/18	<p><b>Utkantkonferansen 2019</b></p> <p>Anne Hildegunn Færøy gav ei kort orientering om Utkantkonferansen 2019 som er under planlegging. Tema ; Folkehelse, Barn og unge – psykisk helse.</p> <p>Det er sett ned ein programkomité med repr. frå Lindås, Masfjorden og Modalen kommunar, NUI, BUP og privat næringsliv.</p> <p>Dato for konferansen er 1.april 2019.</p> <p>Meir informasjon med invitasjon og program vert sendt til kommunane når det er klart.</p>
16/18	<p><b>Rekruttering av psykologar til kommunane</b></p> <p>Rolf Tande orienterte om stortingsvedtak med krav om at alle kommunar skal ha psykolog som ein del av kjernekompotansen i den kommunale helse- og omsorgstenesta, og at kommunane skal ha tilsett kommunepsykolog frå 1.januar 2020.</p> <p>Erfaringa tilseier at det vil bli utfordringar med rekrutteringa og å behalda psykologar i kommunane. Rolf viste til at Masfjorden kommune på venge av kommunane Fedje, Austrheim, Gulen og Modalen drøfta har starta sonderingar rundt eit mulig samarbeid med mellom kommunane i NH, Helse Bergen og psykologforeininga.</p> <p>Saka er meldt inn til Regionrådet som m.a. er bedt om å vurdera om dette er eit tiltak som skal gjelda alle kommunane i NH. Vidare arbeid og organisering av dette bør forankrast inn mot Helseutvalet og Samarbeidsutvalet.</p> <p>Fellesmøte er positiv til tiltaket og vil tilrå at alle kommunane deltar i prosjektet. Ber om at dette blir sett opp som sak i neste fellesmøte.</p> <p>Saka går til Regionrådet for handsaming. Dette til orientering.</p>
17/18	<p><b>Meldingssaker / eventuelt</b></p> <p>Møteplan 2019: Fellesmøte 2 gangar pr. halvår i samband med møter i Samarbeidsutvalet(SU).</p> <p>Det etablerte kommunale formøtet blir utvida slik at alle kommunalsjefar og kommuneoverlegar blir invitert. Møtestart for SU-møta vert flytta. Dette blir tatt med ved utarbeiding av SUa sin møteplan for 2019.</p>